



Arkivsak

24/21102-1

Saksbehandler

Inger Elisabeth Borge

Saksgang

Fylkeskommunalt eldreråd

Telemark ungdomsråd

Fylkeskommunalt råd for personer med funksjonsnedsettelse

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

12.11.2024

14.11.2024

14.11.2024

19.11.2024

26.11.2024

10.12.2024

Partnerskapsavtalar med frivillige organisasjonar på folkehelsefeltet for perioden 2025-2028

Innstilling frå fylkesdirektøren

- 1. På bakgrunn av den utfordrande økonomiske situasjonen til Telemark fylkeskommune finnes ikkje rom for tilskot til frivillige organisasjonar. Ordninga med partnerskapsavtalar avviklast i tråd med fylkesdirektørens budsjettframlegg. Alle søknadene om tildeling av partnerskapsmidlar blir avslåtte.**
- 2. Smiso sin ekstrasøknad om driftsmiddel blir avslått grunna manglande finansiering.**

Bakgrunn og saksgang

Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse vedtok i sak 35/24 at partnerskapsordninga innan folkehelse med frivillige, regionale organisasjonar blir vidareført. Den økonomiske ramma i saka var 1.950.000 kroner årleg, med atterhald om årlege løyvingar til fylkestinget innanfor budsjettet til Folkehelse. I arbeidet administrasjonen har gjort i haust har ein likevel ikkje funne desse midlane, og dermed legg fylkesdirektøren fram ei sak der ordninga blir foreslått avvikla og alle søknadar blir avslåtte.

Denne tildelingssaka blir lagt fram for fylkeskommunalt eldreråd, Telemark ungdomsråd, fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing, Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse og Fylkesutvalet til uttale. Fylkestinget gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Den krevjande økonomiske situasjonen tilseier at fylkeskommunen er nøydd til å stramme inn alle utgifter som ikkje er lovpålagd. I folkehelselova § 20 står det at fylkeskommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåvene og med dei verkemidla som fylkeskommunen er tillaga, og at fylkeskommunen skal vere pådrivar for å samordne folkehelsearbeidet i fylket, til dømes

gjennom partnerskap. Loven krev ikkje at det skal tildelast økonomiske tilskot i samband med desse partnerskapa.

Når Telemark fylkeskommune likevel i fleire år har valt å tildele partnerskapsmidlar til regionale, frivillige organisasjonar, er det med årsak i lange tradisjonar om offentleg støtte til frivilligheita. Tidlegare hadde ein ikkje partnerskapsavtalar, men gav ut ei lang rekkje tilskot årleg. Når dette arbeidet vart evaluert, fann ein at det var ei ordning som ikkje gav tilstrekkeleg forutsigbarheit og som var uoversiktleg og administrativt krevjande både for organisasjonane og fylkeskommunen.

I sak 55/23 vart forslag til innsatsområde og prinsipp for samhandling med frivillig sektor lagt fram. Forslaga vart meisla ut i dialog med dei frivillige. Det kom fram av kartlegginga at dei frivillige organisasjonane i Telemark ønska eit tettare samarbeid med fylkeskommunen, der samarbeid i form av partnerskapsavtalar, forutsigbare tilskot, jamnlege møteplassar og nettverkssamarbeid vart spelt inn som tydelege behov.

Evalueringa av ordninga med partnerskapsavtaler syner at organisasjonane er svært nøgde med at partnerskapsordninga skapar forutsigbarheit, autonomi og godt samarbeidsklima.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar.

Den økonomiske konsekvensen av å avvikle ordninga med tilskot til frivillige organisasjonar er ei innsparing i budsjett på 1.950.000 kroner per år.

Av administrative konsekvensar vil ein kunne rekne med noko meirarbeid sidan ein avvikling av partnerskapsordninga sannsynlegvis vil føre til fleire søknader om økonomisk støtte jamt utover året. Vidare vil den administrative jobben med å lukkast med samarbeid med frivillige organisasjonar ble meir krevjande utan tilskotsmidlar som skapar gjensidige forpliktelsar.

Det blir vurdert at avviklinga av ordninga med partnerskapsmidlar til frivillige organisasjonar ikkje vil ha juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål.

Avviklinga av ordninga med 4-årige partnerskapsavtalar med regionale frivillige organisasjonar har ingen negative konsekvensar for klimamålet i fylket. Derimot vil avviklinga kunne ha negativ innverknad på FNs berekraftsmål 1: «Utrydde fattigdom», 3: «God helse og livskvalitet», 4: «God utdanning», 5: «Likestilling mellom kjønna», 10: «Mindre ulikskap» og 11: «Berekraftige byar og lokalsamfunn». Berekraftsmål 17: «Samarbeid for å nå måla» er særst utsett og punkt 17.17 «Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og private og i det sivile samfunnet» vil vere meir krevjande.

Vurderinga frå fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren ser det ikkje mogeleg, på grunn av den alvorlege, økonomiske situasjonen å prioritere midlar til partnerskapsavtalar med frivillige organisasjonar innan folkehelse. Derfor er det ikkje avsette midlar til dette i det framlagte budsjettet for 2025. Fylkesdirektøren vil likevel arbeide for at samarbeidet med frivillige organisasjonar bidreg til utjamning av sosial

ulikskap og når breitt ut i fylket med aktivitetane sine, frivillige innsats og engasjement gjennom nettverksbygging og tilbod om kompetanseheving.

Korleis har fylkesdirektøren vurdert i prosessen?

Sidan Hovudutvalet vedtok å lyse ut nye partnerskapsmidlar i mai-24 vart ny utlysing av partnerskapsavtalar med tilhøyrande midlar send ut med søknadsfrist 15.august 2024. Dei frivillige aktørane i dagens partnerskapsordning fekk ein direkte e-post med informasjon om utlysinga, det vart informert om utlysinga på folkehelsenettverkssamlinga 07.06.24, og dessutan vart informasjon om utlysinga også lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen. Utlysinga opna opp for søknader i storleiksorden 200.000-350.000 kroner per år, noko som er høgare beløp enn ved førre utlysing på grunn av generell prisvekst. Fylkeskommunen fekk 12 søknader og det totale omsøkte beløpet var på 3.850.000 kroner årleg.

Saksbehandlinga vart gjennomført ved at fleire saksbehandlarar, uavhengig av kvarandre, vurderte søknadene og gav poeng basert på kor godt organisasjonane oppfylte kriteria i søknadsskjemaet. Desse vurderingane vart så sameinte og drøfta.

Kriteria som måtte svarast opp i søknaden var følgjande:

- Talet på frivillige årleg (frå årsmeldinga)
- Kva kommunar i Telemark organisasjonen tilbyr aktivitet og om dei har frivillige krefter knytt opp til denne aktiviteten
- Dei overordna målsetjingane til organisasjonen som omhandlar folkehelse og inkludering
- Beskriving av målgruppene for organisasjonen (deltakarar og frivillige)
- Korleis organisasjonen jobbar for å jamne ut sosial ulikskap gjennom aktivitetane deira (og dessutan beskriving av kunnskapsgrunnlaget).
- Korleis organisasjonen jobbar for å jamne ut sosial ulikskap gjennom rekruttering av frivillige (og dessutan beskriving av kunnskapsgrunnlaget).
- Forventingar til samarbeidet med fylkeskommunen i partnerskapen
- Målsetjing for korleis organisasjonen, gjennom partnerskap med fylkeskommunen, skal bidra ytterlegare til utjamning av sosial ulikskap

I tillegg vart det teke omsyn til følgjande:

- Søkjarorganisasjonane må ha tilstrekkeleg regional utbreiing og rette verksemda si mot store grupper av befolkninga med mål om å jamne ut sosial ulikskap
- Organisasjonen må ha medlemmer og/eller frivillige i minimum tre kommunar i Telemark
- Søkjarorganisasjonar må vere registrerte i Frivilligregisteret i Brønnøysund

På bakgrunn av ei samla vurdering på svar av kriteria, og dessutan utbreiinga til søkjarorganisasjonane i regionen var innstillinga:

Organisasjon	2025	2026	2027	2028	Totalt
DNT Telemark	340 000	340 000 ¹	340 000*	340 000*	1 360 000*
Vestfold og Telemark idrettskrins	340 000	340 000*	340 000*	340 000*	1 360 000*
Telemark Røde Kors	340 000	340 000*	340 000*	340 000*	1 360 000*
Telemark Bedriftsidrettskrets	340 000	340 000*	340 000*	340 000*	1 360 000*
Der du bur (DDB)	340 000	340 000*	340 000*	340 000*	1 360 000*
Kirkens SOS Telemark	240 000	240 000*	240 000*	240 000*	960 000*
Totalt årleg tilskot	1 940 000				

1

Alle desse seks organisasjonane svarer godt opp kriteria i utlysinga og har ei utbreiing som bidreg i vesentleg grad til å hjelpe innsatsen frå fylkeskommunen for å jamne ut sosial ulikskap i regionen.

Dei andre seks organisasjonane som søkte, og som ikkje nådde opp var: Telemark Husflidslag, Kirkens Bymisjon, Pensjonistforbundet i Telemark, Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse (LPP Vestfold og Telemark), Stiftelsen norsk sjølvhjelpsforum ved Selvhjelp Norge og Smiso Telemark (Senter mot incest og seksuelle overgrep). Desse organisasjonane svarte i mindre grad opp kriteria i utlysinga, dei har færre frivillige eller dei sorterer under brukarorganisasjonar som fell utanfor rammene til utlysinga.

Det er nødvendig å omtale Smiso Telemark spesielt. Smiso Telemark er ein faginstans for mellom anna det frivillige og er ikkje pr. definisjon sjølv ein frivillig organisasjon med verksemd retta mot rekruttering av frivillige krefter. Smiso Telemark fell derfor utanfor kriteria for denne ordninga. I etterkant av søknadsfristen er det kome inn ein alternativ søknad frå Smiso Telemark, fordi dei sjølv rekna med at dei fall utanfor partnerskapsordninga. Denne søknaden søker om driftsmidlar på 1 krone pr. innbyggjar i fylket for ein fireårsperiode. Den statlege finansieringsmodellen for alle sentra i landet mot incest og seksuelle overgrep er basert på regionale tilskot på 20% for å utløyse 80% statlege midlar, og Smiso Telemark etterspør derfor variantar av regionale tilskott.

Fylkesdirektøren ser Smisos spesifike behov, men ser ingen moglegheit for å innlemme dem innunder partnerskapsordninga eller for å innvilge driftsstøtte. Fylkeskommunen har pr. i dag ikkje ei ordning der denne søknaden naturleg fell innunder. Smiso sin ekstrasøknad innstillast derfor heller ikkje.

¹ Tildelinger for årene 2025-2028 gis med forbehold om fylkestingets årlige bevilgninger innanfor budsjettet til Folkehelse

Fylkesdirektøren anerkjenner partnerskapsavtaler med frivilligheita med tilhøyrande tilskotsmidlar som verdifulle av følgjande grunnar:

1. 4-årige partnerskapsavtaler med tilskotsmidlar skapar forutsigbart handlingsrom i organisasjonane. Dette rommet kan nyttas til gratis aktivitet for brukargruppene og støttar opp om frivilligheitas autonomi. Partnerskapsordninga anerkjenner eigenverdien til frivilligheita, i tillegg til at han viser organisasjonane tillit og legg til rette for at dei kan nå eigne mål. Slik når fylkeskommunen samtidig mange av måla sine.
2. For fleire av dei frivillige organisasjonane er tilskotsmidlar frå fylkeskommunen ein føresetnad for ekstern finansiering frå stiftelsar eller andre samarbeidspartnarar. Når midlane til partnerskapsavtaler med frivillige organisasjonar fell bort, vil det økonomiske tapet for frivillig sektor dermed bli langt større enn innsparingane for fylkeskommunen.
3. Fylkeskommunen treng frivilligheita i rolla si som samfunnsutviklar og pådrivar for eit berekraftig samfunn. Samarbeid utan tilskotsmidlar vil vere mogeleg, men partnerskapsmidlane kan vere med på å byggje *forpliktande* nettverk og stimulere til *føreseieleg* samarbeid og samhandling. Ved å ha gjensidig, forpliktande samarbeid kjem fylkeskommunen i posisjon til å påverke dei frivillige organisasjonane i retning av å jobbe med dei regionale målsettingane i «Telemarksplanen».
4. Telemark fylkeskommune er den einaste fylkeskommunen i Noreg som har vunne prisen «Årets frivilligheitskommune» grunna vår frivilligheitspolitikk. Utan tilskotsmidlar til frivilligheita vil eit vesentleg element i denne politikken falle ut.
5. Frivilligheita driv universelt, helsefremjande og førebyggjande arbeid, ofte overfor barn og unge. Nobelprisvinnar og professor i økonomi, James Heckman, har gjennom forskinga si og den såkalla Heckman-kurven² vist betydninga av tidleg innsats for å styrkje menneskeleg kapital og føresetnader for å få eit godt liv, meistre og bidra i samfunnet. I økonomisk krevjande tider er det freistande å nytte midlane der det brenn mest, men det er ved å nytte dei tidleg i livet, -før problema oppstår, at dei gir mest samfunnsgevinst.

Tross desse gode argumenta for partnerskapsmidlar, ser fylkesdirektøren seg ikkje i stand til å finne dei nødvendige midlane innanfor det framlagte budsjettet.

² [The Heckman Curve - The Heckman Equation](#)